

OPERA  
NORDFJORD

2024

# Figaros bryllup

Ein komisk opera i fire akter  
av Wolfgang Amadeus Mozart

02.10., 04.10., 05.10., 07.10., 09.10., 10.10., 12.10. og 13.10.  
i Operahuset Nordfjord, Nordfjordeid



Sparebanken  
Vest



## Kjære publikum



Tenk at eg er så heldig å få ønske velkommen til den 27. sesongen med Opera Nordfjord! Då eg sendte ut innbyding til premieren på *Flaggermusen* i 1998, hadde eg ikkje i min villaste fantasi trudd at eg kvart år deretter skulle få gjere det same, for ein ny opera kvart år, til og med gjennom pandemien.

Det har vore eit sant eventyr om alle dei gode hjelparane som har bidrege, og når eg sit her og mimrar, kjenner eg på stor takksemnd til alle som har vore med og heia oss fram – og alle som har vore frivillige gjennom desse åra. Det er framleis damer i kostymegruppa og menn i snikkargruppa som var med den gongen, og som er med i dag. Opp gjennom åra har det i pausane

på øving blitt delt mange fortrulege tankar og historier, dei glade og dei triste, gleder og sorger, likeleg fordelt blant solistar, kunstnariske leiarar og frivillige. Vi har opplevd mykje moro, det har vore flørtning og gryande kjærleik, og nye vennskap og bekjentskap har gjort liva våre rikare. Og når ein solist har mista stemma, har vi berre kalla på forsterking frå Kandalen, der Eivind ikkje berre ein gong, men to har kasta seg i bilen for å rekke neste ferge i gummistøvlar, bustete hår og krølla skjorte for å redde ei operaframvisning – alt medan publikum venta i spenning – takk og lov for lokale heltar!

Men likevel, framfor alt har vi saman laga gode kunstnariske opplevingar, der vakker musikk, fantastiske songarprestasjonar, mektige operakor og heftige orkestervertürer saman med fargerike scenebilette og kostyme krydra med magisk lyssetting har ført publikum inn i ei anna verd i nokre timar – ei verd der kjenslene sit litt lausare og kunsten når inn til hjarte og sjel og rører ved oss.

Slik er operakunsten, rett og slett – den byr på så mykje for så mange sansar og er såleis ei heilt unik, kompleks kunstform. Kva er då betre enn å invitere flest mogleg inn i denne fellesskapen, både frivillige

i alle aldrar og unge skuleelevar, som saman med alle dei profesjonelle får lære meir om operakunsten? Kvart eit grønt blad i bladrankene er handsydd av flittige elevhender, kvar ei rute på golvet er måla med omhu og under profesjonell instruksjon frå scenograf Plamena. Sjølve scenekonstruksjonen vart bygt i sommar – og rigga opp og ned – av våre dyktige frivillige snikkarar, og dei elleville kostymene de snart skal få nyte, er resultat av det trufaste arbeidet til 15 damer, der mange er pensjonistar, som under kyndig vegleiing av kostymedesignar Anne tryllar fram dei lekraste kreasjonane – og, får eg legge til, akkurat denne gongen, til lått og løje!

Så ja, no er vi endeleg klare for bryllaupsfest for Susanna og Figaro og kanskje fleire til? Vi skal igjen sette hjartedøra på vidt gap og skjerpe alle sansane for å gjere oss mottakelege for alt det gode som kan skje når mange nok vil det same, på same tid...

Med beste helsing  
Kari Standal Pavelich,  
*operasjef*

# Figaros bryllup

Ein komisk opera i fire akter av Wolfgang Amadeus Mozart  
Libretto: Lorenzo Da Ponte

## Kunstnarisk/teknisk team

Musikalsk leiar: **Eva Holm Foesnæs**

Regissør: **Ronald Rørvik**

Scenograf: **Plamena Dicheva**

Kostymedesignar/Tilskjerar: **Anne Gotaas**

Lysdesignar: **Ovar Holmen**

Koreograf/Regiassistent: **Toni Herlofson**

Maskør: **Hege Ramstad**

Rekvisitør/Scenografiassistent: **Anndi Bergset**

Kostymesyar/Påkledar: **Caroline Evju**

Kostymesyar: **Anna Wingård**

Inspisient: **Sofia Berg**

Scenemeister/Produsent: **Ine Nord**

Repetitør: **Andreas Løken Taklo**

Kormeister: **Michael Pavelich**

## Rolleliste

Grev Almaviva: **Espen Langvik**

Grevinne Almaviva: **Lydia Hoen Tjore**

Figaro: **Sakarias Fredriksen Tranvåg**

Susanna: **Vibeke Kristensen**

Cherubino: **Maia Reppe**

Marcellina: **Siv Oda Hagerupsen**

Don Basilio: **Jan Erik Fillan**

Bartolo: **Trond Gudevold**

Barbarina: **Louise Engeseth**

Curzio: **Eivind Kandal**

Antonio: **Gunnar Andor Nieland**

Dommar: **Trond Haavik**

20. oktober 2024



TV-aksjonen

## Opera Nordfjord innbyr til konsert i Eid Kyrkje

Fredag 11. oktober kl. 19.00

til inntekt for årets TV-Aksjon, som går til Barnekreftforeningen.

Solistar og musikarar frå *Figaros bryllup* deltek.

Fri inngang – kollekt.

## Om Figaros bryllup

På dagen til Figaros planlagte giftarmål med Susanna, er det mange krefter som arbeider saman i ein konspirasjon for å hindre seremonien:

Nokre år etter at han gifta seg med Rosina, vigd av Dr. Bartolo, angrar Grev Almaviva på at han gav frå seg «herreretten» til å «vitje» tenestejentene ved hoffet sitt på bryllaupsnatta deira...

No overser greven si eiga hustru og spring etter dei unge jentene på godset sitt, særleg Susanna og Barbarina, niese og dotter av gartnaren Antonio. Susanna fryktar at han i løyndom vil innføre denne «herreretten» når ho no skal gifte seg med Figaro.

For å vinne over ei uvilleg Susanna har greven alliert seg med Don Basilio, sin eigen musikk lærer, og Don Curzio, ein lokal dommar. Greven sin rival, når det gjeld affeksjon for kvinnene på slottet, er den unge

Cherubino (lille kjerub), som idealiserer gudmor si, grevinnen, og er ukontrollert tiltrekt av praktisk tala alt som går i skjørt! Han har òg ein irriterande uvane med å dukke opp på stader der greven helst ikkje skulle ha møtt på han.

Marcellina, hushalderske ved slottet og tidlegare guvernante til Rosina, har nokre år tidlegare lånt Figaro ein sum pengar, med ein skriftleg avtale om at han enten betaler henne tilbake, eller giftar seg med henne. I dag har ho kalla inn sin tidlegare arbeidsgjevar, Dr. Bartolo, for å få hjelp til å hindre Figaro i å gifte seg med Susanna og til å tvinge han – på grunnlag av den skriftlege kontrakten – til å gifte seg med henne.

Bartolo hjelper så gjerne, sjølv i tolvte time, dersom han kan få høve til å hemne seg på sin tidlegare barber, Figaro, som hadde vore sentral i å hindre Bartolo i å gifte seg med sin myndling Rosina og i å hjelpe

henne til å gifte seg med greven i staden. Det er desse menneska som møtast i korridorane og hagane i «Galskapens dag». I tillegg til handlinga, slik den er skildra ovanfor, har den vidunderlege historia om *Figaros Bryllup* fått ny aktualitet i dag gjennom gjenetekne anklager og rettsaker mot maktpersonar som har utnytta sin posisjon til trakassering og overgrep... Dette har vi valt å ta inn i framsyninga, for å gi den ein ny og gjenkjenneleg relevans i kommunikasjon med vår tid.

Så ønskjer vi publikum velkomen til galskap og intriger hylla inn i operalitteraturens vakreste musikk!

Ronald Rørvik,  
*regissør*

Toni Herlofson,  
*koreograf og regiassistent*

## Helsing frå Jon Askeland



Kjære operaverner,

Tenk at vi er så heldige at vi får sjå ei av verdas mest kjende og kjære operaer her i Nordfjord! Wolfgang Amadeus Mozart skapte eit meisterverk som ikkje berre trollbind med sin vakre musikk, men som også tek opp tema som makt, kjærleik og rettferd – tema som framleis rører oss den dag i dag.

I lys av vår tid, der kampen for likestilling og rettferd står høgt på dagsordenen, kan ein ikkje unngå å sjå parallellar mellom *Figaros bryllup* og moderne utfordringar. Grev Almaviva sine forsøk på å misbruke si makt til å manipulere og kontrollere dei rundt seg, møter motstand frå sterke og kloke kvinner som veit å kjempe for sine egne rettar. Det er noko inspirerende i å sjå korleis Susanna og grevinnen saman klarer å overvinne intrigar med kløkt, samarbeid og humor – noko som minner oss om korleis vi i dag må stå saman for å kjempe mot urett.

Operaen er også eit døme på korleis kunsten har kraft til å spegle samfunnet og utfordre oss til å reflektere over våre egne verdiar og haldningar. Eg er sikker på at de i kveld vil få ei oppleving som både underhold og gjev rom for ettertanke.

Vestland fylkeskommune er stolt av å kunne støtte Opera Nordfjord og det viktige arbeidet dei gjer for kulturlivet i regionen. Eg vil rette ein stor takk til alle som har bidrege til denne oppsettinga – frå artistar og muskarar til frivillige og arrangørar. De gjev oss alle eit rikare kulturliv.

Eg ynskjer dykk alle ei storarta oppleving og håpar kvelden vert minneverdig!

Beste helsing,

Jon Askeland  
*Fylkesordførar i Vestland*

## Helsing frå Judith Kvåle



Kjære Opera Nordfjord,

Gratulerer med oppsettinga av Figaros Bryllaup! Det er med glede og stoltheit vi inntek plassane våre i Operahuset for å oppleve stor kunst, formidling og skaparglede i det gedigne samskappingsprosjektet Opera Nordfjord er. Mozarts lettbeinte og humoristiske opera er eit komplekst verk å produsere med eit krav til timing i vokal, store skodespelarferdigheiter og

samhandling mellom sangarane, men Opera Nordfjord er ikkje redde for å ta dei store oppgåvene - og dei leverer kvar gong. Eg har gjennom åra blitt facinert av Eugen Onegin, sett Carmen forføre Don José, nytt Verdis *Requiem*, grått meg gjennom Madam Butterfly, latt meg facinere av *Tryllefløyten*, vorte nostalgisk og stolt over Sildagapet, latt meg bergta av Cervantes i *Mannen frå La Mancha*, og ikkje minst fått oppleve dei mindre omtala sidene ved utvandringa til USA gjennom *Soga om Sol*. Formidlinga av scenekunst, musikk og dans har eit høgt kunstnarisk nivå som eg er takksam for å oppleve.

For Stad kommune og for regionen vår er Opera Nordfjord eit viktig nav i kulturutfoldinga. Operaen viser at det umoglege er innanfor rekkevidde, at samarbeid og samhandling gir dei beste resultat, og at born som får lov til å innta ei scene, vert trygge vaksne som kan dele og formidle – gjennom kunst, eller med andre

uttrykk. Samhandlinga med den vidaregåande skulen er også viktig for både Stad kommune og næringslivet, som tek imot elevar som har fått ei utdanning som berre Opera Nordfjord kan gje dei – om det er scene, kostyme, hår, lys, lyd – Eid vidaregåande sine elevar har fått lære det – og dei vil bere det med seg vidare. Til sist må eg ta med den store innsatsen av frivillige eldsjeler frå heile fjorden som bistår år etter år med kor, kostyme, rigging, logistikk og mykje meir. Opera Nordfjord genererer engasjement hjå innbyggjarane!

Dei beste helsingar frå Stad kommune

Ved

Judith Kvåle,  
*Fungerande ordførar*

## Helsing frå Alf Reidar Myrstad



Kjære Opera Nordfjord,

På vegner av Eid vidaregåande skule vil vi uttrykke vår djupe takksemnd for det fantastiske samarbeidet vi har hatt gjennom dei siste 20 åra. Sidan 2005

har vi saman skapt magiske operaproduksjonar, og det har vore ei glede å bidra med kulisse- og rekvisittproduksjon. Interiør og eksponeringsdesign vg2 har vore sentral i årets samarbeid, men også andre linjer har spelt viktige roller. Skulen sitt bidrag innan overflatebehandling, måling og designarbeid har vore avgjerande for å bli premiereklare. Med mange arbeidstimar, også dette året, har både lærarar og elevar fått verdifull læring og erfaring. Elevane har fått arbeide saman med profesjonelle scenografar, fått tilgang til ulike materiale av operaen, og nytta sine kreative evner i praksis. Skulen sin maskinpark gjev scenografane tilgang til avanserte utskjeringar utført av høgt kvalifiserte lærarar, og bidrar til gode elevoppgåver. Mange elevar har blomstra og utvikla

seg gjennom dette inkluderande, inspirerende og lærerike samarbeidet. Fleire vurderer å utdanne seg vidare til profesjonelle karrierar innan scenekunstheltet. Skulen vil halde fram med dette meningsfulle samarbeidet som er med å inspirere framtidige elevar. Takk for at de gir våre elevar moglegheita til å utforske og utvikle sine kreative evner. I år er det *Figaros Bryllup* på plakaten, og skulen ønskjer alle på og bak scena lykke til med framsyningane, og publikum ei god operaoppleving!

Med venleg helsing

Alf Reidar Myrstad  
*Rektor*  
*Eid vidaregåande skule*



## Medverkande



Eva Holm Foosnæs dirigent

Eva Holm Foosnæs er komponist, dirigent og pianist. Ho er kunstnarisk leiar for Opera di Setra, kormeister i Opera Trøndelag og fast dirigent for Kammerkoret Aurum (Noregsmeister i kor 2015 og 2023). Ho har skrivne tingingsverk for mellom anna Oslo-Filharmonien, Vertavo-kvartetten, Det Norske Kammerorkester, Luftforsvarets Musikkorps, Opera Østfold og Opera di Setra, i tillegg til ei rekkje norske kor. Hennar musikalske fokus er hovudsakleg innan vokalmusikk, musikkteater og opera. Eva har vunne Allmänna Sången & Anders Wall Composision Award 2019 og 4th Ortis New Music Competition i New York, 2020. Hausten 2024 er ho arrangør ved Christmas in Vienna for ORF Radiosymphonieorchester, Wien. Eva har mastergrad i utøvande musikk ved NTNU musikkonservatoriet i Trondheim, hovudinstrument piano med fordjuping i komposisjon og påfølgjande utanlandsstudiar i Italia (Conservatorio di Musica di Perugia) og Tyskland (Robert Schumann Hochschule für Musik). Ho har òg dirigentutdanning frå Norges Musikkhøgskole med fordjuping i orkesterdireksjon.

Ronald Rørvik regissør

Ronald Rørvik er fødd i Bergen i 1952. Etter endt studium ved Statens Operahøgskole (1973 – 76) vart han tilsett ved Den Norske Opera, der han virka innanfor fleire felt, som inspisent, songar og regiassistent. Frå 1980 og fram til 1991 var han tilsett som regiassistent, songar og regissør. I 1991 vart songen lagt på hylla og regien prioritert. Ronald har hausta stor anerkjenning for sitt arbeid både på operaen i Oslo og rundt i heile Noreg innanfor ulike sjangrar og format: Klassisk og moderne, kammeropera, grand opera, operette, musikal og barneopera. Av meir enn 50 oppsettingar kan nemnast: *Manon Lescaut*, *Den Gløde Enke*, *Carmen*, *Kardemomme By*, *Flaggermusen*, *La Bohème*, *La Traviata*, *Hoffmanns Eventyr*, *Maskeballet*, *Jeppe på Bjerget*, *Barberen i Sevilla*, *Trubaduren*, *Tosca*, *Rigoletto*, *Don Giovanni*, *Turandot*, *Sildagapet* – og mange fleire. Ronald har i seinare år jamleg arbeidd for Operaen i Kristiansund, Opera Trøndelag, Opera Nordfjord, Ringsakeroperaen og Opera Di Setra. Han brenn for å tilføre operarepertoaret ny musikkdramatik og har difor arbeidd med å drive fram bestillingar av nye verk som: *Georgs Magiske Medisin* av Gisle Kverndokk, *Olav Trygvasson* og *Rose* og *Ravn* av Ragnar Söderlind, *7. far i huset* av Lars Erik Gudim, *Med kniven på strupen* av Bertil Palmar Johansen og *I Cancellirådets Dager* av Ragnar Söderlind. Ronald har sidan 1998 virka som omsettar av operaer i samarbeid med Toni Herlofson. Han har motteke Statens treårige arbeidsstipend.



Plamena Dicheva scenograf

Plamena Dicheva er utdanna scenograf, kostymedesignar og har mastergrad i design av visuell framsyning (multimedia/video design) ved det Nasjonale Kunstakademiet i Sofia, Bulgaria. Ho har budd i Noreg sidan 2016 og arbeider frilans. I tillegg er ho deltidstilsett som produksjonskoordinator i RingsakerOperaen. Plamena har hatt oppdrag som scenograf hos RingsakerOperaen (*La Bohème*, *Jegerbruden*, *Barberen i Sevilla*, *Perlefiskerne*), Opera Trøndelag (*Madama Butterfly*), Opera Nordfjord (*Jorden rundt på 80 dager*), Opera di Setra (*Flåklipa*, *Tryllefløyten*, *The Sound of Music*) og Prøysenhuset (*Hjertet mitt for dekk*).



Anne Gotaas kostymedesignar

Anne Gotaas arbeider frilans innan kostymefaget både som designar, tilskjerar, kostymesyar og koordinator. Ho har hatt oppdrag ved fleire operascener i landet og har designa kostyme til framsyningar ved Den Norske Opera & Ballett (turnéversjon av *Hoffmanns Eventyr*), Ringsakeroperaen (m.a. *Cavalleria Rusticana*, *Grevinne Mariza*, *Den gløde enke*, *I cancellirådets dage*, *Dido & Aeneas*), Teatret Vårt i Molde (*Kjøpmannen i Venedig*), Operaen i Kristiansund (m.a. *Anne Pedersdotter*, *7. far i huset*, *Anna Bolena*, *Albert Herring*, *Macbeth*), Trønderoperaen (*Figaros bryllup*), Opera Trøndelag (*Tryllefløyten*) og Opera Nordfjord (m.a. *Elskovsdrikken*, *Tosca*, *Hertuginna av Chicago*, *Tryllefløyten*, *Søner av Sola* og *Jorden rundt på 80 dager*). Anne er godt kjend i og med Opera Nordfjord, då ho har vore med heilt frå oppstarten i 1998 og i svært mange av produksjonane, anten som designar, eller som tilskjerar og produksjonsleiar. Gotaas er utdanna kjole- og draktsyar og var i fleire år kostymekoordinator for Opera Østfold.

Ovar Holmen lysdesignar

Ovar kjem frå Drammen og har budd i Stad kommune sidan 2009, då han begynte å arbeide for Operahuset Nordfjord, der han er lys- og teknikkansvarleg. Han har tidlegare gjort lysdesign for Opera Nordfjord på *Turandot*, *The Sound of Music*, *Du er god, du*, *Charlie Brown*, *Sildagapet*, *Annie*, *Hans og Grete*, *Mannen frå La Mancha*, *Jorden rundt på 80 dager*, *La Traviata* og *Soga om Sol*. Han har hatt designansvar på alle skulemusikalane ved Eid vidaregåande skule sidan 2009.



Hege Ramstad maskør

Etter endt utdanning hadde Hege engasjement for NRK og Den Norske Opera & Ballett, før ho i 1999 vart fast tilsett ved Nationaltheatret. Her har ho vore maskør på over 50 framsyningar, mellom anna *De foreldreløse*, *Eutopi*, *Jeanne d'Arc*, *Festen*, *Byggmester Solness*, *Speer*, *Volpone – en komedie uten kjærlighet*, *En vanlig dag i helvete*, *En midtsommernatts drøm*, *Chet spiller ikke her*, *Abigail's party*, *Disputten*, *Holocaustmusikalen*, *deLillos – livet er en liten dings*, *Lulu – Pandoras eske*, *Jo fortore jeg går, jo mindre er jeg*, *Forelska i Shakespeare*, *Mysterier*, *Borkman*, *Barnet*, *Jordopphimlesang* og *Den lille prinsen*. Hege har òg vore maskør ved Det norske teatret, Teater Ibsen, Hålogaland Teater, Nordland Teater og Kväniteateret. I fjor hadde ho maskeansvar på *Soga om Sol*.



Toni Herlofson koreograf/regiassistent

Etter ballettutdanning i Noreg og England vart Toni Herlofson tilsett ved Nasjonalballetten i Oslo i 1969-1988. Der vart ho særskildt anerkjend og fekk i 1983 kritikarprisen for rolla Therpsichore i *Il Pastor Fido*. I 1979 gjorde ho sin første koreografi for Nasjonalballetten. Sidan har ho koreografert ca. 30 ballettar og er særskildt etterspurd, også som koreograf for opera, operette og musikal. Toni har samarbeidd i ei årrekke med Ronald Rørvik som koreograf og regiassistent i mellom anna *Jeppe*, *Flaggermusen*, *Carmen*, *Hoffmanns Eventyr*, *Tryllefløyten*, *Turandot*, *Perlefiskerne* og *Sildagapet*. I samarbeid med Rørvik har ho også omsett både teater, opera og musikkteater.





## Anndi Daleske Bergset rekvisitør/scenografiassistent

Anndi Daleske Bergset kjem opprinneleg frå USA, men er stolt av sitt doble statsborgarskap. Ho har budd i Noreg sidan 2013 saman med mannen sin på Ulvedal. Anndi fekk sin bachelorgrad i kunsthistorie frå Gustavus Adolphus College i Saint Peter i Minnesota og mastergrad i teaterdesign frå Tulane University i New Orleans i Louisiana. Ho er veldig glad for å få bruke utdanninga si i oppdrag for Opera Nordfjord og har hatt engasjement som rekvisitør ved operaen nesten alle åra ho har vore i Noreg. Ho hadde både scenografi og kostymedesign for *Reisa til Julestjerna* i 2020 og *Soga om Sol* i 2023. Når Anndi ikkje arbeider for operaen om hausten, er ho dagleg leiar for Gjensyn systove i Stryn, med fokus på gjenbruk og integrering.

## Espen Langvik baryton

Espen Langvik gjesta Opera Nordfjord første gong i 2001, som Belcore i *Elskovsdrikken*. Seinare blei det både Figaro i *Figaros Bryllup* i 2002, Danilo i *Den Glade Enke* i 2004 og tittelrolla i *Eugen Onegin* i 2006. Langvik var ein del av det faste solistensemblet ved Den Norske Opera & Ballett frå 2009 fram til 2017. Her song han roller som Greven i *Figaros Bryllup*, Figaro i *Barberen i Sevilla*, Tarquinius i *The Rape of Lucretia* og Benjamin Sigismund i *Den Fjerde Nattevakt*, for å nemne nokre. Espen Langvik var operasjef i Arktisk Filharmoni frå 2017 til 2023.



## Lydia Hoen Tjore sopran

Lydia Hoen Tjore er utdanna ved Operaakademiet i København, der ho kom inn som ei av dei yngste nokon gong, berre 20 år gammal. Etter det har ho vore solistpraktikant på Den Norske Opera & Ballett i to år og gjorde der ei rekkje roller – mellom anna Zerlina i *Don Giovanni*, Adina i *Elskovsdrikken* og Micaëla i *Carmen*. I fjor var ho ein av berre seks solistar som nådde finalen i Dronning Sonja Internasjonale Musikkonkurranse, som einaste frå Norden og i konkurranse med over 500 songarar frå heile verda. Ho fekk der Ingrid Bjoners stipend. Same år kom ho også til finalen i Vinceró World Singing Competition i Italia. Lydia har elles hatt ei mengde konsertoppdrag både i inn- og utland sidan tidleg i tenåra og har vore solist med dei fleste profesjonelle orkestra i Noreg. Lydia gjorde rolla som Violetta i *La Traviata* for Opera Nordfjord i 2022.

## Sakarias Fredriksen Tranvåg baryton

Sakarias Fredriksen Tranvåg er ein norsk baryton og har si utdanning frå Barratt Due musikk-institutt og Operaakademiet i København. I sesongen 21/22 hadde han sin debut ved Den Kongelige Opera i København i rolla som Kristian i *Maskeballen* av Verdi. Der song han òg Sciarrone i Puccinis *Tosca* i same sesong. Han debuterte ved Den Norske Opera & Ballett i rolla som Robert Baker i *Wonderful Town*. Seinare har han gjort roller som Fiorello i *Barberen i Sevilla*, Feri von Kerekes i *Czardasfyrstinnen*, Barone Douphol i *La Traviata*, Un Chirurgo i *La Forza del Destino*, John Styx i *Orfeus i Underverdenen*, Yamadori i *Madama Butterfly* og Bror i *De syv dødssyndene* ved Den Norske Opera & Ballett. Han gjorde også rolla som Schaunard i *La Bohème* ved Opera Østfold våren 2024.



## Vibeke Kristensen sopran

Vibeke Kristensen kjem frå Stavanger og er no busett i København. Ho er utdanna på Norges musikkhøgskole med avsluttande studium på Opera-Akademiet i København i 2006. Ho debuterte på Det Kongelige Teater i København i 2004. Utover fleire opptrednar på nasjonalscena, har ho òg gjesta Den Jyske Opera fleire gongar, og i 2012 blei ho heidra som Årets Sanger av Operaens Venner for sin prestasjon i tittelrolla i *Snehvides Spejl* av Niels Marthinsen. Vibeke har òg opptreidd på fleire større scener i Noreg, mellom anna som Susanna i *Figaros Bryllup* hos Bergen Nasjonale Opera, Adele i *Flaggermusen* hos Operaen i Kristiansund og mellom anna Adina i *Elskovsdrikken* og Grete i *Hans og Grete* hos Opera Nordfjord. Ho song 2. niece i Bergen Nasjonale opera sin feira versjon av Peter Grimes, og seinast song ho Evrydyke i Den norske opera si oppsetting av *Orfeus i Underverdenen*. Vibeke er ein hyppig brukt solist i oratorium, og ho har sunge med dei fleste symfoniorkestra i Skandinavia. Ho mottok Edith Allers Mindelegat i 2007 og Ålborg Operapris i 2012.

## Maia Reppe mezzosopran

Maia Reppe er opphavleg frå Alvdal, men bur no i Trondheim, der ho jobbar frilans som songarinne. Ho vart våren 2021 ferdig med mastergrad i utøvande klassisk song ved Institutt for Musikk i Trondheim. Maia har motteke stipend frå Gunnar Løkkens minnefond i 2015 og Drømmestipendet i 2016. I 2019, 2020 og 2023 fekk ho Sparebank 1 Østlandet talentstipend, og i 2023 mottok ho òg kulturstipend frå Trøndelag Fylkeskommune. Som utøvar har ho fleire gongar vore solist med orkester, kor og korps. I tillegg har Maia deltatt både som songar og dansar i fleire av Opera Trøndelag og Opera di Setra sine produksjonar. Våren 2022 turnerte ho med Turneteateret, Opera Trøndelag og Fylkesmusikerne med publikumssuksessen *Bør Børson Jr.* Våren 2023 gjorde ho tittelrolla med Trondheim Symfoniorkester og Opera i produksjonen *David og Bathsheba* av Ståle Kleiberg både i Noreg og Polen.





## Siv Oda Hagerupsen mezzosopran/zwischenfach

Siv Oda Hagerupsen er ein av landets mest aktive og allsidige songarar og er utdanna ved Statens Operahøgskole i Oslo. I 1999 var Siv Oda ein av finalistane i den nasjonale delen av Dronning Sonjas Musikkonkurranse, og same år debuterte ho på Den Norske Opera i rolla som 3. Dame i Mozarts *Tryllefløyten*. Vidare har ho hatt engasjement ved Den Norske Opera i roller som Mercédès i *Carmen*, Nicklausse/Musen/Stemmen i *Hoffmanns Eventyr*, Marcellina, og seinare Cherubino i *Figaros bryllup*.

Siv Oda er ein av solistane på DNO sin CD-produksjon *Hjem til Jul*. Ho har hatt solistroller ved alle dei ulike regionsoperaene rundt om i Noreg og har vore engasjert som solist med alle landets leiande orkester. Hun har òg gjesta Opéra de Montréal i Canada som solist ved ein gallakonsert med verk av Verdi. Sommaren 2017 gjesta ho Opera på Skäret i Sverige som Suzuki i *Madama Butterfly*, og i 2018 returnerte ho dit, der ho hadde stor suksess som Eboli i *Don Carlo* av Verdi.

## Jan Erik Fillan tenor

Jan Erik Fillan kjem frå Porsgrunn. Han fekk utdanninga si ved Barratt-Dues Musikk institutt og Statens Operahøgskole og vart uteksaminert våren 2003. Etter dette har han jobba som frilans operasongar. Jan Erik har hatt fleire engasjement og roller for Den Norske Opera, Operaen i Kristiansund, Opera Nordfjord, Ringsakeroperaen og Opera Østfold.

Han har jobba med dirigentar som Terje B. Hansen, Kjell Seim, Eivind Aadland, Bjarte Engeset, Ole Kristian Ruud, Daniele Rustioni, Karen Durgarian, Muhai Tang med fleire. Av roller han har gjort kan ein nemne mellom anna Alfredo Germont i *La Traviata*, Nemorino i *L'elisir d'amore*, Max i *Der Freischütz* (norsk), Gabriel von Eisenstein i *Flaggermusen*, Don Ottavio i *Don Giovanni*, Orfeus i *Orfeus i Underverdenen*, Pang i *Turandot*, Remendado i *Carmen* med fleire. Han har òg jobba med regissørar som Ronald Rørvik, Ivar Tindberg, Aksel Otto Bull og Fabio Sparvoli med fleire.



## Trond Gudevold bass

Trond er utdanna ved Barratt Dues Musikk institutt som faglærer og utøvande klarinettist og ved Statens Operahøgskole i Oslo. Han har vore bassolist i Tyskland ved operahusa i Münster og Kiel. Trond har samarbeidd med regissørar som Ronald Rørvik, Stein Winge og Svein Sturla Hungnes. Han har sunge med dei fleste profesjonelle symfoniorkestra i Noreg, og han syng jamleg kyrkjemusikk som *Messias (Händel)* og *Juleoratoriet* av Bach. I 2008 hadde han hovudrolla i operaen *Jeppa* ved Operaen i Kristiansund, og i juni 2021 gjorde han rolla som Leporello i *Don Giovanni*.

Dette er den 11. gongen Trond gjestar Opera Nordfjord. Tidlegare har han mellom anna hatt roller i *Jegerbruden*, *Eugene Onegin*, *Flaggermusen*, *Mannen frå La Mancha*, *Jorden rundt på 80 dagar* og *La Traviata*.



## Louise Engeseth sopran

Louise Engeseth frå Volda er ein talentfull klassisk songar med bachelorgrad frå Griegakademiet i Bergen. Ho held no på med masterstudier ved Musikkonservatoriet i Oslo med Ann-Helen Moen som lærar. Ho vart utvald som ein av fem til Operaakademiet 2023/24, eit prestisjefyllt mentorprogram for unge songarar, arrangert av Dronning Sonja Internasjonale Musikkonkurranse. Louise har brei erfaring som konsertsongar, og i 2018 var ho solist i operaen *Kimen* av Magnar Åm.

I 2023 deltok ho i meisterklasse med Lise Davidsen under Festspillene i Bergen, og same året spelte ho Susanna i Mozarts *Figaros bryllup* i Italia. I januar 2024 vart ho tildelt den internasjonale talentprisen av Susanna Eken og Anne Margrethe Dahl. I sommar har ho opptredd på Festspillene i Bergen, turnert med Bergen Nasjonale Opera og vore solist ved både Kammermusikkfestivalen i Stavanger og Sunnmøre Kammermusikkfestival. I desember skal ho vere solist i Bachs *Juleoratorium* i Volda og Ålesund.

## Eivind Kandal tenor

Eivind kjem frå Kandal i Nordfjord. Han avslutta si utdanning ved operaakademiet i København våren 2017, men debuterte som operasongar allereie i 2012 i operaen *Querini* på øya Røst i Lofoten. Han debuterte på Det Kongelige Teater i København som Gastone i *La Traviata* i 2015, og sesongen 17/18 var han solistpraktikant ved Den Norske Opera & Ballett. I 2017 debuterte han på Opera Nordfjord som Håkon i *Sildagapet*, og i 2018 hoppa han inn på kort varsel som Rodolfo i *La Bohème*. Han spelte vidare rolla som barberen i *Mannen frå La Mancha* i 2020 og i 2021 var han på scena i *Jorden rundt på 80 dagar* i fleire roller. I 2022 gjorde han rolla som Gastone i *La Traviata* og i 2023 var han solist i *Soga om Sol*.

Eivind har vore solist i ei lang rekkje kyrkjemusikalske verk og samtidsverk, både internasjonalt og heime i Noreg. I tillegg har han vore med på å produsere og framføre ei rekkje framsyningar og konsertar, som har turnert rundt på både Austlandet, Vestlandet og i Nord-Noreg. Eivind og sambuaren Torstein Kollevåg driv Sølvane Gard i Kandal, der dei arrangerer operakonsertar og ei rekkje andre kulturelle arrangement.



## Gunnar Andor Nieland baryton

Gunnar Andor Nieland starta sine songstudiar i Stavanger under førsteamanuensis Bettina Smith. Han heldt fram med sine studiar på Mozarteum i Salzburg, Østerrike der han tok ein bachelorgrad i konsertfag og ein mastergrad i opera, begge under professor Mario Diaz. Han har i løpet av sin karriere sunge ved dei fleste operaene i Noreg: Operaen i Kristiansund, Opera Bergen, Opera Rogaland, Opera Vestfold, Opera di Setra, Arktisk filharmoni og RingsakerOperaen. Hos Ringsaker Operaen har han gjort roller som Alfio i *Cavalleria Rusticana*, Zurga i *Perlefiskerne*, Caspar i *Jegerbruden* (hoppa òg inn som Ottokar og Eremitten i same produksjon) og Benoit/Alcindoro i *La Bohème*.



## Andreas Løken Taklo repetitør

Andreas Løken Taklo er ein ettertrakta musikal både som solist, kammermusikal, akkompagnatør og repetitør. Han har hatt solistoppdrag med orkester i Italia og Noreg og hatt solokonsertar i Frankrike, Tyskland og Russland. Andreas har ein mastergrad i utøvande musikk frå Barratt Due musikk institutt i Oslo og ein mastergrad som operarepetitør frå Noregs musikkhøgskule. Han har vore repetitør for Opera Nordfjord sidan 2017. Han blir jamleg leigd inn som akkompagnatør ved Barratt Due musikk institutt og andre institusjonar.



## Sofia Berg inspisient

Sofia Berg er oppvaksten på Nordfjordeid og har vore operafrelst sidan Opera Nordfjord starta i 1998. Ho har studert Musikkvitenskap på Universitetet i Oslo, og etter studiane søkte ho tilbake til operaen. Ho har sidan 2015 jobba frilans som inspisient ved dei fleste av landets distriks-, region- og nasjonale operakompani. I mars 2023 starta ho og sambuar Kristian Krokslett Foreningen NordlandsOperaen med base i Bodø, og saman driv dei selskapet Sceneteamet AS.

## Ine Nord scenemeister/produsent

Ine Nord er oppvaksten på Eid og har sitt første minne med Opera Nordfjord som storaugd publikummar på oppsettinga av *Flaggermusen* i 1998. Sidan fekk ho vere med i barnekoret på *La Bohème* og *Elskovsdrikken*. Ine vaks opp i skulekorpset og kulturskulen på Eid og har gått vidare med musikkutdanning, der ho har oppnådd ein utøvande mastergrad i klarinett ved Sibeliusakademiet i Finland. Etter endt utdanning har Ine arbeidd innan kulturfeltet som frilans musikal, som festivalsjef og med kursing av musikk lærarar i Sør-Afrika, for å nemne noko. Ho har også vore med i orkesteret i nokre av Opera Nordfjord og Eid vidaregåande skule sine musikaloppsettingar. Ine er fast tilsett i Opera Nordfjord som produsent, og pendlar mellom ulike roller innan kulturfeltet i Oslo og jobben på Nordfjordeid.



## Orkester

### 1.fiolin

Madelene Berg (konsertmeister)  
Oliver Dyb  
Henri Eftevand  
Øyvind Aspenes Robak

### 2.fiolin

Miriam Bergset-Gibbs  
Otto Ose  
Kari Standal Pavelich

### Bratsj

Agnes Elizabeth Pavelich  
Heidi Johnstad Arnesen

### Cello

Henrik Silfverhielm  
Hans Holgersson

### Kontrabass

Steinar Haugerud

### Fløyte

Helga Lied  
Rebecca Smilovski

### Obo

Milan Adamovic  
Svein Olav Sandvik

### Klarinett

Aksel Hovdar  
Elisabeth Røgeberg

### Fagott

Ingrid Åhlander Bennett  
Haavard Løking Larsen

### Horn

Asgeir Søfteland  
Magnhild Tafjord

### Trompet

Mark Bennett  
Julia Gåsvær

### Pauker

Thomas Aanonlie

### Cembalo

Eva Holm Foosnæs

## Kor

### Sopran

Ane Woxen  
Anita Sande  
Eli-Karin Bergheim  
Maja Kvalsvik Haugen  
Reidun Vambeset  
Sølvi Nygaard

### Alt

Anne Marta Vinsrygg Vadsten  
Karoline Løveng Kjerpeseth  
Torild Natvik

### Tenor

Henrik Botn Bjørlo  
Håvard Furnes  
Knut Sverre Nes  
Trine Ramnefjell

### Bass

Erlend Åshamar Eriksen  
Jon Sverre Arnestad  
Roar Halkjelsvik  
Trond Fjetland Aarre

Operautstilling 2024

## Olav Harald Ulstein

Opningstider i operavekene:

2. oktober kl. 12-15    4. oktober kl. 12-15  
5. oktober kl. 12-15    7. oktober kl. 11-13  
9.-12. oktober kl. 12.-15    13. oktober kl. 11-13

**Kulturhuset  
Gamlebanken**

Eidsgata 10,  
6770 Nordfjordeid  
Tlf. 952 65 842



## Organisasjon

### Styret i Opera Nordfjord

Randi Nyhammer-Taklo, leiar  
Roy Aron Myklebust, nestleiar  
Grete Berntzen  
Leidulf Gloppestad  
Sonja Edvardsen

### Vara

Geir Solvåg  
Stein-Åke Berteig

### Dugnadsgroupeleiarar

Kulissar: Steinar Daviknes og  
Emmanuel Sadorge  
Kostyme: Anne Regine Sønderland  
Servering/vakt/garderobe:  
Operaens Venner v/Randi  
Nyhammer-Taklo  
Parkering/uteområde: Per Bøen  
Transport: Terje Heggen

### Styret i Operaens Venner

Randi Nyhammer-Taklo, leiar  
Arve Espe  
Aud Espe Haraldsen  
Eli-Karin Bergheim  
Maria Jansen

### Administrasjon

Operasjef: Kari Standal Pavelich  
Produsent: Ine Nord  
Verkstadansvarleg: Anndi Bergset  
Produksjonsassistent:  
Sunniva Honningsvåg  
Økonomisjef: Ranveig Årskog  
Grafisk produksjon: Veir AS

## Dugnadsoversikt

### Kostyme

#### Anne Sønderland (leiar)

Anne-Britt Totland  
Asbjørg Bjørkedal  
Aud Fonn  
Birgit Båfjord  
Inger Lise Strand  
Inger Marie Osmundsvåg  
Inger Øyre  
Janna Muller-Planting  
Laila Utnes-Piel  
Lina Oos  
Ragnhild Fænn Totland  
Siv Emdal  
Solveig Nordbø  
Unn Henden

### Påkledarar

Anne Kirsti Noste (leiar)  
Heidi Bakke  
Mariann Bergset Kongsvoll  
Unn Henden

### Parkering

Arild Hjelmeland  
Erhard Martin  
Hans Petter Vereide  
Helge Haugland  
Jan Skogstad  
Per Bøen  
Svein Erik Sørland

### Servering/vakt

Agnar Kragseth  
Anne Jorun Hestenes  
Anne Karin Rand  
Arve Espe  
Aud Haraldsen  
Christine Haavik  
Elin Paulsen  
Kristin Sundal  
Maria Jansen  
Martha Kjøllesdal  
Monja Sølvberg  
Oddrun Rye

### Ragni Marie Rasmussen

Randi Nyhammer-Taklo  
Roald Hanssen  
Siri Sandvik  
Sissel Nilsen  
Stein-Åke Berteig  
Synnøve Aasebø  
Tore Nyhammer-Taklo  
Toril Fjørtoft  
Turid Sørland  
Tuva Nyhammer-Taklo  
Vivian Sæten

### Kulissar

Albert Jan Muller  
Anders Nordbø  
Anton Mladshuk  
Emmanuel Sadorge  
Hilde Heggen Haugland  
Jørgen Bergset  
Oddleiv Hauge  
Ottar Øien

### Per Oos

Pål Tore Jacobsen  
Steinar Daviknes  
Webjørn Moa  
Åse Holsvik

### Rekvisittassistent

Mieke Victoria

### Hår/sminke

Agnes Elizabeth Pavelich  
Laci Bencle  
Marilyn Osmundsvåg

### Transport

Terje Heggen

### Lysteknikk

Gjertrud Gjerdevik

## Ein særskild takk til elevar og lærarar ved Eid vidaregåande skule for det gode samarbeidet

### Lærarar

Birgit Båfjord  
Bjarne Eriksen  
Inger Marie Osmundsvåg  
Mari-Janne Henden  
Marilyn Osmundsvåg  
Rune Rasmussen  
Sigrunn H. Leivdal  
Unn Henden

### Vg2 Interiør og eksponeringsdesign

Agate Henden Hjelle  
Cecilie Elde Aarvik  
Emily Nygård Larsen  
Julie Alexandra Flølo Sandvik  
Kanutte Raftevold Haugen  
Klementina Liucija Lukosiunaite  
Leah Lunde Kormeseth  
Live Aurora Storøy Andersen  
Øyvind Ariansen

### Vg2 Frisør

Agape Svalbe  
Frida Kvalheim  
Monica Nilsen  
Nora Sørland  
Sidra Zaki

Sigrid Berg-Hjelle

### Vg1 Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign

Alma Myklebust  
Angelica Remme Navelsaker  
Heidi Kjos Sunde  
Lilja Dis Arvesdottir Halsteinslid  
Linnea Hilde  
Linnea Husevåg Melby  
Maylén Lindset Svensli  
Mia Weemol  
Nikoline Hylland Fitje  
Olivia Aare-Haugland  
Sanne Kvame Gulliksson  
Solveig Sjøstad  
Thea Elise Vereide Botn  
Thea Kathrin Svarstad

### Vg2 Elenergi

August Emil Paulsen Hammerø  
Elias Myklebust  
Emil Opdal Håvik  
Gjertrud Henden Gjerdevik  
Gunnar Nytingnes Kragseth  
Henrik Botn Bjørlo  
Henrik Leander Hillestad  
Mikalsen

Kristian Brynestad Sunde  
Kristian Nordhaug Kroken  
Levi Wilhelm Silander Skibenes  
Lukas Olai Lødemel  
Muzit Abrha Habte  
Nikola Stojkovic  
Scott Kroken Karlsen  
William Nyland Englund

### Vg2 Interiør og eksponeringsdesign – Elevar frå skuleåret 2023-2024

Ailin Darin Lamkrathok Kvalheim  
Caroline Lovise Melstvedt  
Leah Victoria Midtvik Solvåg  
Margrete Lote  
Rikke Meland Simonsson  
Sunniva Dyrvik  
Tiril Myklebust Gjelsvik

### Vg2 Industriteknologi – Elevar frå skuleåret 2023-2024

Adrian Gustavsen Denk  
Aleksander Izmailov  
André Sande  
Eirik Fraas Johnsen  
Fredrik Vervik Navelsaker

Håkon Sørpoll Bjartland  
Iver Sølvberg  
Jekabs Toms Freimanis  
Joakim-Andre Jensen Langø  
Rawan Samer Bou Saed  
Simen Aleksander Røkås  
Theodor Sparvath  
Ådne Høgalmen Tenden

### Følgjespot

Muzit Abrha Habte  
vg2 el-energi

Jonas Hessevik  
vg1 elektro og datateknologi

Kasper Michalski  
vg1 elektro og datateknologi

Leah Lunde Kormeseth  
vg1 frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign



f /operavenner

Operaens Venner er ein veldedig medlemsorganisasjon som jobbar for å støtte opp om og skape engasjement og entusiasme for Opera Nordfjord.

Vil du bli ein av oss? E-post: taklorandi@hotmail.com eller tlf. 412 47 888

OPERAENS  
VENNER

HJARTELEG TAKK TIL ALLE VÅRE FANTASTISKE FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR!





Foto: Gettyimages

## Saman gjer vi det betre

God rådgjeving til kundane våre er det viktigaste vi gjer. Ansikt til ansikt kvar dag. Hos oss møter du ein personleg bank, med dedikerte, dyktige autoriserte rådgjevarar for både privat- og bedriftsmarknaden.

**spv.no**

 SparebankenVest

**MALKO AS**

**Eid Motor AS**

ØYANE - 6770 NORDFJORDEID  
Tlf. 57 86 01 19 - 995 24 080

  
**FRISLID**  
AMFI NORDFJORD

 **Reklameservice**<sup>®</sup>  
etablert 1985

  
**ALTI** NORDFJORD

 **WEST**  
MEKAN

**NORDFJORD**  
HOTELL

Følg Opera Nordfjord på  
Facebook og Instagram!



**operanordfjord**

## ANNONSØRAR

**02-13.10: Figaros bryllup**

Komisk Mozart-opera med Opera Nordfjord

**15.10: Skjebneval i USA**

Eva Bratholm og Joar Hoel Larsen – få billetter!

**18.10: Atle Oen**

Sleppfest for "Safe at Sea" i Gymmen

**19.10: Eva Weel Skram**

Nytt album og turné med sognefavoritten

**22.10: Bare Elling**

Riksteatret presenterer ny Elling-historie

**24.10: Are Kalvø**

Berre bønder lengtar heim

**28.10: Charlie Siem & Håvard Gimse**

Klassisk stjernestund

**31.10: Ro deg ned**

Solveig Mork Holmøyvik på biblioteket

**02.11: D.D.E - Graitest Hits**

30-årsjubileum – snart utseld!

**07.11: Hallingline**

Sirkus og lausdans

**09.11: Andreas Rotevatn**

Spelar sitt nye album på heimebane i Gymmen

**09.11: First Lego League**

Hjernekraft med barn og unge

**14.11: Haustshow**

Stad kulturskule

**15.11: Bendik Hofseth Woodlands**

Internasjonale stjernemusikarar

**21.11: Erlend Viken Trio**

Hardingfele, el-gitar og kontrabass

**29.11: Hellbillies**

Leite etter lykke – utseld!

**30.11: Skjønneita og udyret**

Familieframføring frå Teater Vestland

**04.12: Jul i Svingen**

Basert på NRK-suksessen

**07&08.12: Heim til jul**

Dobbel julekonsert med Helgesenkorset

**10.12: Bjørn Tomren**

Jul på godt og vondt

**12.12: Natt i Betlehem**

Solveig Slettahjell, Tor Gustavsen &amp; Sjur Miljeteig

**13&14.12: Silver Belles**

m/ Stine Andreassen &amp; Live Miranda Solberg

**16.01: Wako**

Norsk jazz i toppklasse

**05.02: Hedvig Montgomery**

Høgaktuelt foredrag om barn og unge

**08.02: Hildegunn & Leif-Per**

Husmora og taxisvogeren er tilbake

**13.03: Språksjov**

Linda Eide, Sjur Hjeltnes og Halvor Folgerø

**14.03: Raske menn**

19-årsjubileumsshow

**17.03: Prima Facie**

Internasjonal suksess frå Riksteatret

**20.03: Henning Kvitnes**

"Mens jeg ennå er 66"

**05.04: Legenden om Narnia**

Lova, heksa og kleskapet med Riksteatret

www.operahuset.no  
instagram: operahusetnordfjord  
facebook.com/operahusetnordfjord



HØGDEPUNKT 24/25

## ANNONSØRAR

# Fjordabladet



Man-Fre: 09.00 z 16.30  
Lør: 10.00 - 15.00

# REMA 1000

NORDFJORDEID



## Bakehuset



**China  
Restaurant  
Chen**

Almenningen 1  
Tlf: 57 86 25 99

# Didriks

Kafé

Man-Fre: 08.30 - 18.00  
Lør: 08.30 - 16.00

# nordplan

Nordplan AS  
tlf. 57 88 55 00  
www.nordplan.no

Plan og infrastruktur  
Arkitektur og landskap  
Konstruksjon og byggeteknikk  
Energi og miljø  
Prosjektadministrasjon

Nordfjordeid  
Førde  
Ørsta / Volda  
Stryn  
Vågåmo  
Ålesund  
Måley  
Bergen

# EXTRA

EXTRA STORT UTVALG TIL EXTRA LAVE PRISER

# ORIS DENTAL

Vi kan tenner. La oss ta vare på dine



## Hildenes Gartneri as

# VEST

VET Energiteknikk

| minibakeriet |

## Sansa

Friser

# norli

# SUNDEHJØRNET

# FIN

friser og hudpleie

## Primula

Design

GÅVER - LAPPSTERNIKK - HOBOT

# Eid Elektro

www.eidelektro.no



## ANNONSØRAR

 <b>Bankjellaren</b> BAR & GJESTESTOVE		 <b>AL-COM A.S.</b> Eidsgata 43 • 6770 NORDFJORDEID Tlf. 57 86 37 70 • post@al-com.no	 <b>MAGNIFIKK</b>
 <b>NORDFJORD OPTIKK</b>	 <b>aske</b> GATEMAT & BRYGGERI	 <b>Jannes</b> HÅRVERKSTED	 <b>cut</b> HÅR OG VELVÆRE
<b>NORD FRISØRSALONG</b>	 <b>nordfjordklinikk1</b>	 <b>Cats Café</b> Restaurant & Pizzeria Eidsgata 45 453 99 360 / 578 60 080	 <b>interoptik</b> Sæbo Eidsgt. 1, tlf.: 57 86 11 54, Nordfjordeid



**KREFTFORENINGEN  
BRYSTKREFTFORENINGEN**

**Opera Nordfjord støttar  
Rosa Sløyfe-aksjonen 2024**

**www.rosasloyfe.no**

TAKK TIL VÅRE OFFENTLEGE BIDRAGSYTARAR FOR STØTTE I MANGE GODE ÅR

 <b>KULTURDEPARTEMENTET</b>	 <b>Vestland fylkeskommune</b>	 <b>Stad kommune</b>
---	--	--

## KOMANDE PRODUKSJONAR OG HENDINGAR I 2025

<b>Musikkteaterskule i vinterferien</b>	<p><b>24.-27. februar: Musikkteaterskule i vinterferien på Fjordane Folkehøgskule</b></p> <p>Vi er glade for igjen å kunne innby til Musikkteaterskule fire heile dagar i vinterferien med profesjonelle instruktørar.</p> <p>Aldersgruppe: 5. klasse til og med 3. klasse på vidaregåande</p> <p><b>Påmelding opnar 1. november på <a href="http://www.operanordfjord.no">www.operanordfjord.no</a></b></p>
<b>Musikkteaterskule i sommarferien</b>	<p><b>21.-26. juli: Musikkteaterskule i sommarferien på Fjordane Folkehøgskule</b></p> <p>For femte år på rad arrangerer vi Musikkteaterskule i sommarferien med avsluttande framsyning i Operahuset Nordfjord 26. juli.</p> <p>Aldersgruppe: frå og med dei som startar i 5. klasse til og med dei som startar siste året på vidaregåande hausten-25</p> <p><b>Påmelding opnar 1. februar på <a href="http://www.operanordfjord.no">www.operanordfjord.no</a></b></p>
	<p><b>2.-12. september: Miljøoperaen BLÅ på turné i Sogn og Fjordane</b></p> <p>I samarbeid med produksjonsselskapet SAUM i København arrangerer Opera Nordfjord arrangerer 2.-12. september ein operaturné med den nyskrivne kammeroperaen BLÅ, basert på miljøromanen BLÅ av Maja Lunde. Vi har fått med oss masterstudentar frå Institutt for miljø- og naturvitskap ved Høgskulen på Vestlandet, som bidreg med oppdatert forskning og vitskap om vatn og bre gjennom spennande panelsamtalar etter framsyningane.</p> <p>Vi tilbyr både skuleframsyningar på dagtid til dei vidaregåande skulane og framsyningar på kveldstid på utvalde turnéstadar.</p> <p><b>Libretto: Jesper B. Karlsen    Musikk: Hugi Gudmundsson    Regissør: Kasper Sejersen</b></p> <p><b>3 solistar – 3 musikarar</b></p> <p><b>Meir info vert lagt ut på <a href="http://www.operanordfjord.no">www.operanordfjord.no</a> når speleplanen er klar</b></p>
	<p><b>USA-turné med musikalen Soga om Sol</b></p> <p>I samband med feiringa av Utvandrarjubiléet i 2025 - Crossings 200 – har Opera Nordfjord meldt seg inn i jubileumsfeiringa med ein omfattande turné til USA i oktober neste år.</p> <p>Musikalen, som vert omsett til engelsk, skal framførast i New York, Minneapolis, Northfield og Seattle, men før den kjem så langt, får det heimlege publikumet nytte den reviderte versjonen i Operahuset Nordfjord 1.- 4. oktober, med fire framsyningar før avreise til New York.</p> <p>Dronning Sonja sa «Reis til New York» etter premieren i fjor, så då gjer vi det!</p> <p><b>Følg med, følg med! Billetter til dei fire framsyningane i operahuset vert lagt ut 1. desember.</b></p>



OPERA  
NORDFJORD

[operanordfjord.no](http://operanordfjord.no)



[/operanordfjord](https://www.instagram.com/operanordfjord)